



Meland kommune«MOTTAKERNAVN»
Postboks 79«ADRESSE»
5906«POSTNR» FREKHAUG«POSTSTED»
«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2069

Oversending av saker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane slo seg den 01.01.2019 saman til Fylkesmannen i Vestland. Den nye organisasjonen har org.nr. 974760665.

Fylkesmannen har fleire oppgåver etter plan- og bygningslova (pbl). Fylkesmannen skal gi uttale i dispensasjonssaker etter pbl § 19-1. Vidare har Fylkesmannen klagerett på kommunale vedtak etter pbl § 1-9 tredje ledd. I tillegg er Fylkesmannen klageinstans for vedtak etter pbl § 1-9 femte ledd (delegert myndighet).

Dei mange rollene til Fylkesmannen gir utfordringar med omsyn til mottak og føring av saker. Fleire kommunar har gode og oversiktlege oversendingar, men vi ser også at det i mange tilfelle er vanskeleg å ta stilling til kva oversendinga gjeld. Det manglar også ofte nødvendige dokument i oversendinga som det tek tid å få henta inn i etterkant.

Ved oversending av saker etter plan- og bygningslova til Fylkesmannen, ber vi difor kommunane om å merka seg følgjande:

Oversendingsbrev

Vi ønskjer at sakene vert sendt oss saman med eit oversendingsbrev der det går klart fram om oversendinga gjeld ei sak som er sendt oss til uttale, for klagevurdering (saker der Fylkesmannen har klagerett etter pbl § 1-9 tredje ledd) eller om det gjeld ei sak som skal handsamast av Fylkesmannen som klageinstans.

Vidare ønskjer vi ei kortfatta omtale av saka. Adresse, gnr. og bnr. må også vera med.

I saker som er sendt Fylkesmannen som klageinstans, bør det også gå fram kven som er klagar og tiltakshavar i saka.

I dei tilfelle oversendinga inneheld sensitiv informasjon må det gå fram av oversendingsbrevet. Slik sikrar ein at Fylkesmannen får unntatt dokumentet frå offentlegheit, slik at teieplikta vert overhalde.

Dersom kommunen har gitt utsett iverksetjing av eit vedtak etter forvaltningslova § 42 eller der klagar har bedt Fylkesmannen vurdere utsett iverksetjing, må også det gå fram av



oversendingsbrevet. Då sikrar ein at Fylkesmannen overheld handsamingsfristen som er kortare for slike saker. Ein sikrar også at Fylkesmannen får tatt stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing.

Dersom kommunen ønskjer at vi prioriterer handsaminga av saka, bør også dette gå fram av oversendingsbrevet.

Oversendingsmåte

Fylkesmannen ser helst at dokument i saker vert sendt digitalt til vårt organisasjonsnummer ved hjelp av KS SvarUt. Vert det nytta e-post skal dokumenta sendast til postmottaket vårt fmvlpost@fylkesmannen.no, og ikkje til sakshandsamar si e-postadresse. Vi ber også om at ei sak ikkje vert sendt oss på ulikt vis, t.d. både elektronisk og papir. Dette kan skape forvirring og ekstraarbeid.

Klagesaker som vert oversendt for endeleg avgjerd – klage på byggjesak og klage på reguleringsplan:

Vi ønskjer at kommunen sender over dei relevante saksdokumenta som vedlegg i oversendinga. Vi ønskjer ikkje lenkjer i klagesaker. Årsaka til dette er at mengda dokument ofte er stor. Det er difor særstidkrevjande å finne fram til dei rette dokumenta og laste desse ned.

Saker som skal til planseksjonen:

Nokre kommunar brukar i dag lenkjer til heimesida si ved oversending av saker som skal til planseksjonen vår. Dette fungerer bra, og vi ønskjer difor framleis slike lenkjer frå dei kommunane som nyttar denne løysinga. Når det nyttast lenkjer, ønskjer vi direkte lenkjer. Kommunane må velja ut aktuelle dokument som er nødvendige for Fylkesmannen si handsaming av saka.

Innhaldet i oversendinga

Vidare ber vi om at digitale oversendingar er så oversiktlege som mogleg. Det kan typisk gjerast ved å setje namn på filene slik som til dømes «oversendingsbrev», «situasjonskart», «klage», «teikningar» i staden for lange talrekkjer som ikkje gir informasjon om innhaldet i dokumentet.

I tillegg minner vi om at alle relevante dokument vert sendt oss når ei sak vert sendt oss til uttale, klagevurdering eller klagehandsaming.

Takk for hjelpa! Med ønske om eit fortsatt godt samarbeid.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde
seksjonsleiar

Anne Kjersti Sande
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Eid kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	KINSARVIK
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	JONDAL
Gaular kommune	Vadheimsvegen 15	6973	SANDE I SUNNFJORD
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Fusa kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Fjell kommune	Postboks 184	5342	STRAUME
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Førde kommune	Postboks 338	6801	FØRDE
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Selje kommune	Kommunehuset	6740	SELJE
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Os kommune	Postboks 84	5202	OS



Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Granvin herad	Postboks 13	5733	GRANVIN
Flora kommune	Postboks 13	6901	FLORØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Årdal kommune	Postboks 40	6881	ÅRDALSTANGEN
Vågsøy kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Naustdal kommune	Postboks 43	6806	NAUSTDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863	LEIKANGER
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Balestrand kommune	Rådhuset	6899	BALESTRAND
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Jølster kommune	Kommunehuset	6843	SKEI I JØLSTER
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN